

# Årsmelding 2022

## Kinsarvik Bygdekvinnelag

### Årsmøte

Årsmøtet 2021 vart halde på Gløyp 08.11.21.

Det møtte 27 medlemmer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

### Val

Dei i styret som stod på val var : Helene Olsen ( stod på val som leiar men ikkje som styremedlem), ho tok attval som leiar. Helga Auganes stod på val, tok ikkje attval i styret. Jorunn N. Opedal og Margareth Moberg stod på val. Dei tok attval.

Kirsti K. Nedrevåg vart vald inn som ny styremedlem i staden for Helga Auganes.

Styret konstituerte seg seinare og vart sett saman slik:

### Styret for 2022 :

Leiar :	Helene Olsen
Nestleiar :	Kirsti K. Nedrevåg
Kasserar :	Anne Eitrheim
Skrivar :	Jorunn Nornes Opedal
Studieleiar :	Margareth Moberg
Styremedlem:	Elisabeth Rolland
Ansvarleg for laget si heimeside :	Margareth Moberg
Varafolk :	1 Bodil W. Ystanes 2 Helga Auganes (i staden for Kirsti K. Nedrevåg)
Valnemnd :	1 Gudrun Halland 2 Inger Dyrnesli (Signe Kirsti Ystanes tok ikkje attval)
Turnemnd :	Hildegund Sandstå og Gudrun Halland
Revisorar :	Kirsti M. Lutro, Audhild Buddenbaum

## Andre saker:

Årsmelding, rekneskap og årsplan

## Årsmøtet vidare:

Anne Eitrheim las «Kransen som symbol» av Emma Ulrikke Weiglen Eriksen. Elin Skår spela nokre melodiar på torader og leiar Helene Olsen las diktet «Kom ikkje med heile sanningi» av Olav H. Hauge. Steinar Rinaldo på Gløyp serverte oss god middag. Leiar takka dei som gjekk ut av styre og nemnder, og nye vart ynskte velkomne inn.

Til slutt vart gevinstane på bok trekte. Gudbjørg Grønsdal, Kirsti M. Lutro og Inger Dyrnesli tok seg av det.

## **Antal medlemmer, møter m.m.**

Laget har per oktober i 2022 35 medlemmer. 1 har meldt seg ut og 1 ny har meldt seg inn. Kontingenten vert no kravd inn sentralt og har vore kr 715,-, noko av dette går til HBK.

Laget betalte utgiftene til mat på årsmøtet, og det er ikkje teke loddpengar /kaffipengar på medlemsmøta. Dette er som ein kompensasjon for høg kontingent.

Dette året har det vore tilnærma normal aktivitet i laget, etter nokre år med korona. Januarmøtet var det einaste møtet som vart avlyst på grunn av smittefare.

Styret har hatt 7 styremøte. Elles ein god del kontakt via telefon og e- post. Eit av møta var felles styremøte med pensjonistlaget for å planleggja fellesarrangementet « Bokkveld» i Mikkelparken Ferietun.

Laget har hatt 5 medlemsmøte inklusiv 2 bagedagar i eldhuset. Me har hatt eller delteke i 4 arrangement og gjennomført 2 fotturar i nærmiljøet. Turnemnda skipa i år til Blåtur.

## Arrangement:

### **Bokkveld i Mikkelparken Ferietun 21.02.2022**

Leiar i bygdekvinnelaget, Helene Olsen, ynskte velkomen til Lars O. Bleie og resten av forsamlinga, som talde 42 frammøtte.

Lars O. Bleie var invitert til å lesa frå den nye boka si «Glimt frå ein barndom».

Han hadde og med ei utstilling med teikningar frå boka, laga av Michal Toth og Olav Tolo.

Det var høve til å få kjøpa boka, så mange gjekk heim med fleire eksemplar under armen.

Inntekta av salet gjekk til mållaget. Arrangementet var i samarbeid med Kinsarvik

pensjonistlag. Leiar i pensjonistlaget, Tone Bjotveit, takka Lars med blomar og gode ord for ei fin og interessant stund. Mikkelparken Ferietun serverte oss gode smørbrød og kake.

### Kvinnetreff i Fjordahallen 14.03.2022

Dette var eit ope møte der bygdekvinnelaget hadde bede spesielt inn tilflyttarkvinner. Me var samla 22 stk.

Leiar ynskte velkomen og fortalde litt om laget. 4 skulejenter frå Uganda song fleire fine songar for oss på sitt morsmål. Signe Lise Børve viste oss linoleumstrykk og hadde med materialar så alle som ville, fekk laga sitt eige bilete. Etterpå vart det god mat og prat rundt borda. Matkommiteen og to frå dei innbedne gjestene hadde med mat. Det vart gratis utlodding. Laget løyvde den kvelden ein fin sum til hjelp for ukrainske flyktningar. Pengane vart sende via Røde Kors.

### Kake-/blomebasar 11.06.2022

Etter 3 år kunne me endeleg arrangera kakebasar igjen. Dette er den største inntektskjelda til laget. Tradisjonen tru hadde me tenkt å halda til i og ved Borstova med arrangementet, men på grunn av dårleg ver, fekk me flytta innandørs i kantina og salen i heradshuset. Dette viste seg å vera eit godt alternativ. Mykje gevinstar kom inn, bakverk av alle slag og mykje fine planter, både prydplanter og nytteplanter. Krotakakegevinstante var sjølvstekt det aller viktigaste.

Ca 80 personar møttest fram. Dei fekk kjøpa seg kaffi og kaker i kantina, som dei kunne nyta på staden. Etter basaren var det høve til å få kjøpa seg krotakaker i Borstova. Ikkje alt vart seldt den dagen, men etter kvart vart me kvitt alle kakene og resultatet totalt vart bra.

### Bygdekvinnefest i Mikkelparken Ferietun 29.10.2022

Bygdekvinnefesten var eit samarbeid mellom Hordaland Bygdekvinnelag og Kinsarvik bygdekvinnelag. 58 damer melde sin ankomst. Det var svært godt framme.

Tema for dagen var **klima**.

Program: «**Sider, kultur og samarbeid**» v. Anna Gursli Langesæter, - flott reklame for distriktet. «**Om bokashi**» v. Siv Helle Prestegard. Bokashi er ei enkel og smart kjøkkenkompostering som omdannar matavfall til næringsrik jord.

Ei gruppe på **7 koristar frå Chorus -80** kvikka opp med song for forsamlinga, og fekk heile salen til å syngja «Blåmann, blåmann bukken min». Etter ein god lunsj fekk me høyra Ellen Trulsdatter Astrup frå Miljøsmidjo på Voss ta føre seg temaet «**Utnytting av ressursar, miljø og gjenbruk**» - eit interessant og lærerikt føredrag. Innimellom alt program fekk alle som ville sy sin eigen rosett av stoffbitar og knappar, som distriktsleiar Åsa hadde lagt mykje arbeid i å førebu. Loddsal og trekking til slutt. Mikkelparken ytte god service på alle måtar.

Medlemsmøta me har hatt:

### Adventsmøte 06.12.2021

20 damer var samla i Borstova til førjolskos. Det vart tent 2 lys og lese 2 vers av «Tenn lys». Margareth Moberg fortalde og viste bilete av Jolesveinar på Island. Dei var 13 i talet og kom fram ein kvar dag fram til jol. Margareth hadde og laga ein quiz frå temaet som ho hadde

snakka om. Det vart gratis utlodding av krotakaker m.m. Gudbjørg Grønsdal las frå boka «Advent» av islendingen Gunnarson og leiaren las 2 dikt.

### **Hagemøte 02.05.2022**

Møtet vart halde heime i hagen hjå Helga Auganes. Ho hadde fyrt i utepeisen og laga det koseleg til ute på terrassen. Helga fortalde om plantene ho hadde i hagen sin og korleis ein kunne stella dei. Kaffinemnda serverte god mat. Leiaren orienterte om ulike saker og det vart utlodding. Til slutt fekk me gå rundt i den velstelte hagen til Helga og ein tur inn i drivhuset. Kjekkk og lærerik kveld.

### **Bakedagar i eldhuset 07.06 og 08.06.2022**

Bakedagane i eldhuset er eit godt høve til å få drøfta lagssaker medan kjevlet går, så difor er det god dekning for å kalla desse dagane også for medlemsmøte.

Det vert baka i to lange dagar, frå kl 8.00 til kl 20.00, 3 skift kvar av dagane med 4 personar på kvart skift.

### **Orienterings-/planleggingsmøte 10.10.2022**

Møte vart halde i Borstova. 17 damer møtte. Leiar opna med å lesa eit dikt av den lokale ordkunstnaren Maria Bjotveit, «Lauvet».

Det vart orientering om bygdekvinnestreif 29. oktober og årsmøtet 7. november.

Samarbeid med andre lag og organisasjonar, som helselag og frivilligsentral, vart drøfta og program for årsplanen. Nye punkt i vedtektene frå NBK og korleis få med fleire unge i laget? var tema denne kvelden. Kaffinemnda sytte for god kaffimat, utlodding og ein triveleg kveld.

### **Fotturar i mai**

- 1 Tur langs Hellelandsvegen (tur/retur Skredhaugen – Opedal skule) – **23. mai**  
Etter turen var det kaffi og vafler på Skredhaugen, som Jorunn hadde stelt til.
- 2 Tur til den nye dagsturhytta på Hovden/Lofthus. – **30.mai**  
Ein flott tur som kosta litt krefter, men som betalte seg med ei fantastisk utsikt og ei hyggeleg stund i den trivelege hytta. Inne kunne turfylgjet nytta ei velfortent niste.

### **Blåtur i mai**

9. mai hadde turnemnda, Gudrun og Hildegun, skipa til blåtur for medlemene, etter fleire år utan tur på grunn av pandemien.

15 spente damer møtte på parkeringsplassen ved Mikkelparken. 4 privatbilar bar avgarde mot Eidfjord. Første stopp var «Tunet på Haugen», der me fekk kjøpa oss nydeleg lunsj.

Det vart omvising i Vikinghuset for dei som ville det. Etterpå bar det opp Måbødalen til Fossatromma ved Vøringsfossen. Etter å ha nytt utsikten, køyrde me ned att til Øvre Eidfjord

til Viltkroa, der me fekk servert velsmakande middag. Me takkar Hildegun og Gudrun for ein godt tilrettelagt tur.

### **Andre aktivitetar:**

\*Krotakakebaking i eldhuset for 7. klasse ved Kinsarvik skule 14. juni-22: 11 elevar + klasselærer og assistent møtte til bakstedag. 3 bygdekvinne-lagsmedlemer stilte opp som lærarar. Elevane vart delte i to grupper. Kakene vart til slutt delte og alle elevane fekk bakst med seg heim + oppskrift.

\* Nokre medlemer møter fast på språkkafe for flyktningar og innvandrarar på biblioteket, og leiar har hatt kontakt med Kinsarvik Frivilligsentral om vidare samarbeid.

\*Styret har sendt uttale til kommunen vedkomande framlegg til Helse- og sosialplan for 2022-32, særskilt til det som vedkjem Bråvolltunet alders- og sjukeheim.

\*Styret v. leiar har sendt brev til kommunen og bede om spyling/eventuelt utskifting av vassrøyr inn til Borstova. Laget ynskjer også å få til eit lite tekjøkken i Borstova. Kopi av brev er sendt til Ålmerkestyret ved leiar, til orientering.

\*Leiar har hatt kontakt med medlemene via brev fleire gonger i løpet av arbeidsåret, og etter kake-/blomebasaren vart det sendt ut eit sommarbrev med takk for innsats/medlemsskap og eit ynskje om «God sommar» til alle.

\*Styret har sendt svar på NBK sitt høyringsbrev vedkomande § 5b i NBK sine vedtekter.

\*Laget har søkt om momskompensasjon.

### **Løyvingar og gåver**

Hårteigen 4H: ca kr 700,- (fruktkorger)

Ullensvang Skulemusikklag: ca kr 700,- (fruktkorger)

Vennemynten: kr 200,-

Hjelpefondet: kr 500,-

Levekårsprosjektet: kr 2 913,- til mat og jolegåver

Gevinst til HBK sitt lotteri: kr 350,- (boka til Lars O. Bleie)

Til hjelp for ukrainske flyktningar via Røde Kors: kr 3 000,-

2 stk symaskiner til ukrainske flyktningar i Kinsarvik: ca. kr 3 600,-

Blomegåve til leiar 70 år

Blomegåver o.l. til ulike programhaldarar

(Gåve til TV- aksjonen kr 1 500,- gitt i okt. -21, jmf. Årsmelding 2021, kom på rekneskap for 2022)

Løyving på kr 3 000,- til skrivekurs på biblioteket er gjort i okt. -22 (kjem på rekneskap i 2023)

### **Mottekne midlar og gåver**

Momskompensasjon kr 3 443,-

Grasrotmidlar kr 465,-

Kr 10.000 frå kulturfondet i kommunen, etter søknad.

### **Innkjøp til laget**

2 kjevle, ei saks og skøyteledning, til bruk i eldhuset.

### **Kurs**

Bunadskurs v. lærar Hildegunn Øvsthus Jordal, etter jol, - 10 deltakarar

Sykurs v. lærar Margareth Moberg, etter jol, – 6 deltakarar

Kursa har motteke tilskot frå Studieforbundet kultur og tradisjon.

### **Utsendingar til møte.**

\*Årsmøtet i HBK 2022 – leiar Helene Olsen var utsending til årsmøtet i Ulvik

\*Årsmøte i Fjordahallen Utstyrslag – leiar Helene Olsen møtte for Kinsarvik bygdekvinnelag

\*Samarbeidsmøte med Kinsarvik Helselag – Anne Eitrheim og Jorunn Nornes Opedal møtte.

\*Teamsmøte/kurs ilag med Kinsarvik Helselag og «Folkelig». «Folkelig» har utarbeidd eit matkurs for born «Smak på mat». Margareth Moberg og Helene Olsen deltok på dette.

### **Til utleige**

Laget har til utleige brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunader til gutar.

Herre-/konfirmantbunadene vart leigde ut til Kinsarvik, Lofthus, Granvin og Oslo, i alt 10 gonger.

I tillegg har brurebunaden og 4 herrebunader vore utleigde til Hardanger Folkehøgskule.

Styret har dette året bestemt at det vert delt ansvar med bunadene i laget si eige. Åse Utby Lutro tek over ansvaret for utleige av brurebunaden, medan Helene Olsen held fram med utleiga av konfirmant-/herrebunadene.

### **Facebook-side**

Kinsarvik bygdekvinnelag har eiga facebook-side som Margareth Moberg har ansvaret for.

### **Heimeside**

Laget har ei fin heimeside. Her legg Margareth ut fine bilete og tekst frå dei fleste aktivitetane våre. Gå inn på : [Bygdekvinnelaget.no](http://Bygdekvinnelaget.no). Vel lokallag.

**Me ser tilbake på eit normalt og bra arbeidsår. Styret takkar medlemmene for godt samarbeid!**

Styret

For skrivar

Helene Olsen  
leiar

